




## ÅRSMELDING 2023

### Voss DPS N.K.S. Bjørkeli A/S

Voss DPS N.K.S. Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidingar. Opptaksområdet vårt i 2023 var kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500km<sup>2</sup>.

Organisasjonskartet såg slik ut i 2023:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar Geir Lien. Direktør ved senteret er Vegard Stalheim Kolve. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av N.K.S. Vestland Hordaland.

### Aktivitet 2023

	Tilvisingar	Konsultasjonar/ Utskrivelsar	Snitt liggetid (dagar)
<b>Poliklinikkane</b>	-	<b>10725</b>	-
<b>Døgn (12 senger)</b>	-	<b>146</b>	<b>17</b>
<b>SUM</b>	<b>923*</b>	-	-

\*I 2023 var det ein auke på 26% i tal tilvisningar samanlikna med 2022.



## Brukarstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 13 pasientar hadde avtale om brukarstyrt plass i 2023. Det var 21 brukarstyrte innleggingar.

## Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeid kontinuerleg med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 3 møter i KPU i 2023.

Det vart i 2023 registrert til saman 62 avvik og forbetningsmeldingar ved Voss DPS.

## Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. Siv Iren Helle er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2023. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

## Studentar i praksis

Vi har hatt fem sjukepleiarstudentar, fire legestudentar, ein psykologstudent og to musikkterapeutar i praksis i 2023.

## Tilsettingar

I 2023 tilsette vi legar: Suranga Wichem, Marte Monrad Hansen og Åshild Myklebust. Av psykologar tilsette me: Ruth Helen Garmann, Marina Dokken, Sofia Sterigiou, Elise Rognsvåg og psykologspesialist Ellen Marie Håland Halvorsen. Hilde Kyte vart tilsett som fagkonsulent.

## Poliklinikkane

Avdelingsleiar: Cathrine Stue Børhaug

Avdelinga har 2 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk med gruppeteam og Rehabiliteringspoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis Bjørg Synnøve Aasan og Kari Marit Sæverås Kløve. Overlege Synnøve Klette er koordinator for gruppeteamet.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansetning av lege, psykolog, ergoterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar.

## Døgnavdeling:

Avdelingsleiar: Anne Kari Gjeraker



## Voss DPS NKS Bjørkeli

Døgnavdelinga har 12 senger for allmennpsykiatriske og psykosepasientar. Behandlingstilbod er kartlegging /diagnostisering, medisinvurdering, korte stabiliseringsopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

Avdelinga har mentaliseringsbasert miljøterapi (MBT-T) som teoretisk forankring.

### Verdsdagen for psykisk helse

Dagen vart markert den 10. oktober 2023 med stand i resepsjonsområdet. Tematikken for dagen var «vi trenger å høre til. #lagplass» og kampen mot utanforskap. Alle pasientar, pårørande, samarbeidspartnarar, kollegaer og andre som var innom vart møtt av våre flinke og hjelpsame sekretærar, som også serverte nysteikte vaflar gjennom dagen.

### Miljøfyrtårn

I 2022 vart vi miljøsertifisert som Miljøfyrtårn. Meir informasjon og miljørapportar, er å finna på heimesidene våre.

### Styret ved Voss DPS N.K.S. Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 03.06.2023

Geir Lien (styreleiar)  
Olaug Borge (nestleiar/styremedlem)  
Björg Wiers (styremedlem)  
Marianne Bergtun (styremedlem)  
Annbjørg Laupsa (styremedlem)  
Nina Marie Larsen (styremedlem, valt av dei tilsette)  
Vigdis Hansen (styremedlem, valt av dei tilsette)

Det var 5 styremøte i 2023.

**Voss DPS N.K.S. Bjørkeli AS, 29.04.24**  
**Vegard Stalheim Kolve**  
**Direktør**



<b>Resultatrekneskap for 2023</b>		
	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Driftstilskot Helse Vest	80 618 655	76 337 133
Andre inntekter/refusjonar	4 815 558	5 083 587
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>85 434 213</b>	<b>81 420 720</b>
Pasientkostnader	2 714 336	6 085 215
Lønnskostnader	68 383 360	63 638 093
Avskrivning på driftsmidlar	3 135 023	2 983 798
Andre driftskostnader	6 923 928	6 247 558
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>81 156 648</b>	<b>78 954 664</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>4 277 566</b>	<b>2 466 056</b>
Resultat finanspost	1 322 335	1 353 059
<b>Årsresultat</b>	<b>2 955 231</b>	<b>1 112 997</b>